



Seljord kommune

Arkiv: F82
Saksnr.: 2017/1712-1
Sakshand.: Kari Gro Espeland
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 15.10.2017

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap/økonomiutval	85/17	26.10.2017
Kommunestyret	96/17	09.11.2017

Endring i ekteskapslova - Kommunal vigsel

Saksdokument:

Vedlegg:

1 Rundskriv Q 11 2017 om kommunale vigslar(1)

Saksutgreiing:

Oppgåva med borgarleg (livssynsnøytral) vigsel er frå 1.jan 2018 overført frå domstolane til kommunane.

Plikta til å gje tilbod om vigsel gjeld frå 1.jan 2018, der minst ein av brurefolket må vere busett i kommunen. I tillegg gjeld plikta utanlandske statsborgarar som ynskjer å gifte seg i kommunen. Kommunen kan også velje å tilby vigsel for brurefolk som ikkje er busett i kommunen, kommunen har då høve til å krevje dekt det som vigselen kostar fullt ut. Ev betaling skal vere avklart med brurefolket på førehand.

I dei høve der kommunen har plikt til å vigsle, skal vigsle i utgangspunktet vera gratis, men det kan takast betaling for å dekkje ekstra kostnader om brurefolket ynskjer ein annan stad for vigselen enn kommunehuset eller utanfor normal arbeidstid – til dømes i helg.

Ordførar og varaordførar er gjeve vigsels rett direkte i lova (ekteskapslova §12). I tillegg kan kommunestyre peike ut kommunalt tilsette eller folkevalde som vigslar.

Kommunen skal ha eit høveleg lokale, men kan også godkjenne at vigsel vert gjennomført andre stader – til dømes utandørs eller annan stad brurefolket måtte ha ynskje om.

Rådmannen meiner at ordførar og varaordførar er dei som bør ha rett til å gjennomføre borgarleg vigsel i Seljord kommune, og at dette bør vera ein del av ordførar og varaordførar sine pliktar, som vert gjennomført innanfor den godtgjersla ordførar og varaordførar har. Brurefolket får tilbod om vigsel på kommunehuset/ ordførar sitt kontor, dersom dei ynskjer noko anna, bør kommunen imøtekoma det, mot at brurefolket dekkjer meirkostnadene dette medfører for kommunen.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Retningslinjer for borgarleg (livsnøytral) vigsel i Seljord kommune:

1. Borgarleg (livsnøytral) vigsel i Seljord kommune vert gjennomført av ordførar og varaordførar.
2. Vigslar tek stilling til om vigsel kan gjennomførast annan stad enn på kommunehuset, og om det skal krevjast kostnadsdekning.
3. Vigslar tek stilling til om vigsel kan gjennomførast utanfor ordinær arbeidstid.
4. Vigslar avgjer i kvart einskild høve, om kommunen skal tilby vigsel for brurefolk som ikkje er busett i kommunen. I slik høve skal kommunen krevje betaling for ev. meirkostnader som kommunen har i samband med vigla.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 26.10.2017

Rådmannen rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Retningslinjer for borgarleg (livssynsnøytral) vigsel i Seljord kommune:

5. Borgarleg (livssynsnøytral) vigsel i Seljord kommune vert gjennomført av ordførar og varaordførar.
6. Vigslar tek stilling til om vigsel kan gjennomførast annan stad enn på kommunehuset, og om det skal krevjast kostnadsdekning.
7. Vigslar tek stilling til om vigsel kan gjennomførast utanfor ordinær arbeidstid.
8. Vigslar avgjer i kvart einskild høve, om kommunen skal tilby vigsel for brurefolk som ikkje er busett i kommunen. I slik høve skal kommunen krevje betaling for ev. meirkostnader som kommunen har i samband med vigla.

Samrøystes vedteke med 6 røyster.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 26.10.2017

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte følgjande vedtak:

Retningslinjer for borgarleg (livssynsnøytral) vigsel i Seljord kommune:

1. Borgarleg (livssynsnøytral) vigsel i Seljord kommune vert gjennomført av ordførar og varaordførar.
2. Vigslar tek stilling til om vigsel kan gjennomførast annan stad enn på kommunehuset, og om det skal krevjast kostnadsdekning.
3. Vigslar tek stilling til om vigsel kan gjennomførast utanfor ordinær arbeidstid.
4. Vigslar avgjer i kvart einskild høve, om kommunen skal tilby vigsel for brurefolk som ikkje er busett i kommunen. I slik høve skal kommunen krevje betaling for ev. meirkostnader som kommunen har i samband med vigla.

Handsaming i Kommunestyret - 09.11.2017

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte følgjande vedtak:

Retningslinjer for borgarleg (livssynsnøytral) vigsel i Seljord kommune:

9. Borgarleg (livssynsnøytral) vigsel i Seljord kommune vert gjennomført av ordførar og varaordførar.
10. Vigslar tek stilling til om vigsel kan gjennomførast annan stad enn på kommunehuset, og om det skal krevjast kostnadsdekning.
11. Vigslar tek stilling til om vigsel kan gjennomførast utanfor ordinær arbeidstid.
12. Vigslar avgjer i kvart einskild høve, om kommunen skal tilby vigsel for brurefolk som ikkje er busett i kommunen. I slik høve skal kommunen krevje betaling for ev. meirkostnader som kommunen har i samband med vigsla.

Samrøystes vedteke med 20 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 09.11.2017

Retningslinjer for borgarleg (livssynsnøytral) vigsel i Seljord kommune:

1. Borgarleg (livssynsnøytral) vigsel i Seljord kommune vert gjennomført av ordførar og varaordførar.
2. Vigslar tek stilling til om vigsel kan gjennomførast annan stad enn på kommunehuset, og om det skal krevjast kostnadsdekning.
3. Vigslar tek stilling til om vigsel kan gjennomførast utanfor ordinær arbeidstid.

4. Vigslar avgjer i kvart einskild høve, om kommunen skal tilby vigsel for brurefolk som ikkje er busett i kommunen. I slik høve skal kommunen krevje betaling for ev. meirkostnader som kommunen har i samband med vigsla.

Utskrift til: